



Seglbåten NIRVANA på turen rundt Spitsbergen i 2004

Ein serie innlegg frå Svalbard held fram. Det handlar om dei frå Uskedalen som har vore der i ulike oppdrag, - arbeid, studiar eller lengre turar. I dette innlegget skriv Bjarne Lilleaas frå seglturen med sin gode ven, Olav Giskeødegård, eller Gisken som han til vanleg vert kalla. Gisken er utdanna geolog og har hatt arbeidet sitt på plattform i Nordsjøen. Han er til liks med Bjarne ein lidenskapleg seglar og kan syna til mange turar på kysten, til Shetland, Orkenøyane, Færøyane og Skottland. Les kva Bjarne skriv:

I august 2004 var eg så heldig å få vera med ein kamerat på seglas rundt Spitsbergen. Båten var ein nylaga nederlandsk stålbåt, 44 fot med vekt på 20 tonn. Stødig!

Vi var i alt 6 ombord, og dei fleste mønstra av og på i Tromsø. Avreise 1. august og retur ein måned seinare. På oppturen segla vi innom Bjørnøya og møtte akkurat isen på veg ut då vi entra Isfjorden inn mot Longyearbyen. Den gong var det vinteris!



Bjarne Lilleaas i sitt rette element på turen med SY NIRVANA.

For å gjera ei lang historie kort, så segla vi opp på vestsida av Spitsbergen, rundt det meste av øya, men måtte

gjera vendereis i sundet mellom Edgeøya og Spitsbergen (nesten rundt) pga. austleg liten storm og pakkis. Skal sei det gjekk unna opp Hinlopenstredet!

Hovudinstrykket frå turen er at Svalbard er svært stort, med mykje lengre avstandar enn eg hadde forestilt meg. Sørvestkysten var ganske frodig, medan Nordaustlandet var særst goldt og polart. Vi fekk stor respekt for pionerane på Svalbard, ikkje minst for fangstfolka som hadde slege seg til på dei mest ugjestmilde stader.

Mange måtte gå på overvintring nr. 2 med svært lite mat, avdi dei ikkje kom seg sørover. Ein liten båt møtte motvind då dei såg kysten av Troms, vart drivne nordover igjen, og måtte gå på ei ny overvintring. Ikkje rart det vart skjørbuk!

Tekst: Bjarne Lilleaas

Foto: Henta frå nettsida SY NIRVANA

Nett: Kristian Bringedal



Bilete frå ein av dei mange fjordane og buktene på Svalbard.